

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning

MØTEBOK

Tidspunkt: Onsdag 10. mai 2017 kl. 2000

Stad: Kjellaren i brannstasjonen i Odda

Desse møtte: Steinar Langesæter, Eivind Tokheim, Ørjan Angell, Ragnar Ystanes, Jarle Vangen (vara for John Helge Rasmussen)

Kari Herstad var kalla inn som vara for Synnøva Sæbø, men møtte ikkje pga. sjukdom.

Andre til stades på møtet: Steinar Lund, sekretær

Saker til styremøtet

- FUS 1/17: Meldingar
- FUS 2/17: Referat frå møte den 17. mars 2016
- FUS 3/17: Rekneskap for Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 2016
- FUS 4/17: Søknad om utvida løyve til utplassering av foringsplassar for fjellrev
- FUS 5/17: Søknad om flytting av utedo og utviding til sikringsbu, Jakobsbu
- FUS 6/17: Garnfiske for utanbygds i Ullensvang statsallmenning
- FUS 7/17: Høyring på fellessanksjonar i samband med lovbrøt på statsallmenning
- FUS 8/17: Søknad om samjakt i reinsjakta 2017 frå dei private valda i Odda og Ullensvang
- FUS 9/17: Reguleringar under villreinjakta 2017
- FUS 10/17: Orientering om CWD (skrantesjuke)
- FUS 11/17: Eventuelt

Steinar Langesæter/s/

Eivind Tokheim/s/

Ørjan Angell/s/

Ragnar Ystanes/s/

Jarle Vangen/s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer
Varamedlemmer
Fjellstyra på Hardangervidda as
Norges Fjellstyresamband
Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog
Odda kommune
Ullensvang herad
Hardanger Folkeblad

FUS 1/17: Meldingar

20170314_362.1 **Statskog** - vedrørende søknad om løyve til vøling av stall i Fresvikbelebotn på gnr. 55, bnr. 1, fnr. 9020

20170321_016.0 **Fjellstyra på Hardangervidda** - Årsrapport 2016

20170329_612.0 **Eidfjord fjellstyre** - informasjon om ope jegermøte

20170330_161 **Statskog** - Grunneierfondet opna for søking, frist 1. mai

20170405_335.3 **Skjold beitelag** - underskriven avtale om beiteleige for sesongane 2016-2020

20170419-011.1 **Ullensvang herad** - stadfesting på medlemmer i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning for valperioden 2015-2019

20170421-xxx.x **Norges Fjellstyresamband** - Info om rutinar for praktisering av skjøtselstiltak med heimel i NML § 47

20170426 -xxx-x **Fylkesmannen i Buskerud** - Invitasjon til fellesmøte for forvaltning av Hardangervidda nasjonalpark

20170427-xxx.x **Ingvald Irgens** - Dårleg/manglande flytilbod frå Haukeliseter

Vedtak (sak FUS 1/17):

Meldingane vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

FUS 2/17: Referat frå møte den 17. mars 2016

Saksdokument:

- 2/17 Møtebok frå møte i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 17. mars 2016

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner referatet frå møte den 17. mars 2016.

Vedtak (sak FUS 2/17):

Styret godkjenner referatet frå møte den 17. mars 2016.

Samrøystes vedteke.

FUS 3/17: Rekneskap for Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 2016

Saksdokument:

- Rekneskap for Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 2016

Saksutgreiing:

Revidert rekneskap blei sendt ut til styret før møtet.

Framlegg til vedtak:

Referat:

Det blei stilt spørsmål ved nokre av postane i rekneskapen. Av ulike årsaker var det ikkje mogleg å finne svar på spørsmåla på møtet. Eivind Tokheim går gjennom rekneskapen med bilag for å klare opp i spørsmåla som vart stilt på møtet. Det blei etterspurd årsmelding for 2016.

Vedtak (sak FUS 3/17):

Styret godkjenner rekneskapen med dei merknadane som kom fram på møtet.

Sekretær utarbeidar årsmelding for 2016 til neste møte i Fellesstyret.

Samrøystes vedteke.

FUS 4/17: Søknad om utvida løyve til utplassering av foringsplassar for fjellrev

Saksdokument:

- 4-17 20170307_622.0 Statskog - søknad om utvida løyve til utplassering av foringsplassar for fjellrev
- 4-17 20170327_622.0 Statskog - oversendt løyve frå FM til utplassering av foringsplassar for fjellrev

Saksutgreiing:

Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) har sett ut til saman 87 fjellrevkvalpar på Hardangervidda i løpet av dei siste fire åra. Det er registrert tre ynglingar frå utsette fjellrev, to i 2015 og ein i 2016. Prosjektet er no om lag halvvegs i planlagde utsetjingar, og det er behov for å utvide utsetjingsområdet med inntil 6-8 nye utsetjingslokalitetar med tilhøyrande foringsstasjonar, i hovudsak på statsgrunn i Hordaland. Omtrentleg plassering av forings-/utsetjingslokalitetar er markert med gult på kartet vedlagt denne saka.

NINA søker om løyve utplassering av foringsplassar på Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Rauland statsallmenningar i ein 10-års periode. Frå før har NINA løyve til å ha anlegga utplassert til 2019. Statskog ber om ei vurdering frå fjellstyret, jf. fjellova § 12.

Framlegg til vedtak:

Vedtak (sak FUS 4/17):

Fellesstyret gjev fylgjande uttale til søknaden:

Fellesstyret er i utgangspunktet positive til prosjektet. Etablering av fjellrev på Hardangervidda må likevel vurderast i lys av at bestandane av fjellrype og lirype er svært låge, og at Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning difor har freda rypa for to sesongar. Vidare legg Fellesstyret til grunn at dei nye utsetjingslokalitetane skal plasserast så langt frå sone 1 i Nordfjella, der det er påvist CWD, at dette ikkje vil føre til auka fare for spreiding av smitte frå Nordfjella.

Vedtaket er gjort med heimel i § 12 i fjellova.

Samrøystes vedteke.

FUS 5/17: Søknad om flytting av utedo og utviding til sikringsbu, Jakobsbu

Saksdokument:

- 5-17 20170317_362.1 Statskog - søknad om flytting av utedo og utviding til sikringsbu
- 5-17 20170418_362.1 Statskog - uttale frå Tilsynsutvalet til søknad om fflytting av utedo og utviding til sikringsbu

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Vedtak (sak FUS 5/17):

Fellesstyret gjev fylgjande uttale til søknaden:

Fellesstyret ser behovet for ein do som er i forsvarleg bygningsmessig stand, og som er tilgjengeleg om vinteren. Fellesstyret rår frå at det vert gjeve løyve til sikringsbu.

Vedtaket er gjort med heimel i § 12 i fjellova.

Samrøystes vedteke.

FUS 6/17: Garnfiske for utanbygds i Ullensvang statsallmenning

Saksdokument:

Tidligere vedtak om garnfiske for utanbygds i Ullensvang statsallmenning blei sendt ut til styret før møtet.

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Referat:

Det blei diskutert om ordninga som blei vedteken i sak F-19/13 skal vidareførast i same forma, eller om det skal gjerast endringar. Vedtaket den gongen var som fylgjer:

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning opnar for garnfiske for inntil 20 utanbygdarar i fylgjande vatn og til fylgjande tider:

Grøndalsvatni 1. juli – 18. august

Midtra og Nedsta Krokavatn 1. juli – 31. juli

Nedra og Øvra Bjødnavatn 1. juli – 31. juli

Kvennsjøen 1. juli – 31. juli.

Odda fjellstyre administrerer ordninga for nintil 10 garnfiskarar og Ullensvang fjellstyre administrerer dei andre 10. Prisfastsetjing på garnkort og ei eventuell «pakkeløysing» med husvere, skal samordnast mellom Odda og Ullensvang fjellstyre.

Ordninga skal evaluerast etter sesongen i 2014.

Vedtaket er gjort med heimel i Fjellova sin § 28, 3dje lekken.

I sak F-05-14 blei vedtaket i sak F-19/13 stadfesta, med fylgjande presisering av ordninga:

Garnfiske for utanbygdarar vert å tilby som ei pakkeløysing. I pakken går leige av ei av hyttene til vedkommande fjellstyre i ei veke, frå laurdag til laurdag, saman med 1 vekeskort for garnfiske.

Pris for pakken er kr 5000,-.

For fiske i Grøndalsvatni set Ullensvang fjellstyre opp ein lavvo med omn og ved. Her vil pakkeløysinga kosta kr. 3000,-.

Ordninga vert å leggja ut på heimesida til Ullensvang statsallmenning. Kvar hytte vert lagt ut som eit produkt med omtale av hyttene, fisket i aktuelt vatn, kva som finst av båtar og kven av fjellstyra søknaden skal stilast til. Søknadsfristen vert sett til 2. mai. Dersom det vert fleire enn 10 søkjarar, skjer tildelinga ved loddtrekking.

Sekretær lagar til utkast til produktomtale og utlysing og sender til dei to fjellstyra Odda og Ullensvang gjennomlesing og eventuell korrigering.

Når tilboda vert lagde ut på heimesida, skal òg Hordaland Jeger og Fisk verta varsla om tilbodet.

Det blei diskutert om fjellstyra skal tilby utanbygdarar garnkort i tråd med tidlegare vedtak. Sidan det er ein viss førespurnad etter dette meinte styret at det burde vera eit slikt tilbod, men

at ordninga ikkje bør føre til at hyttene og båtane til fjellstyra blir mindre tilgjengeleg for innanbygds enn dei er i dag. Det er difor lite aktuelt å tilby ei pakkeløysing med leige av fjellstyrehyttene.

Vedtak (sak FUS 6/17):

Styret vidarefører ordninga med å tilby garnkort til inntil 20 utanbygdarar i fylgjande vatn: Grøndalsvatni, Midtra og Nedsta Krokavatn, Nedra og Øvra Bjødnavatn og Kvennsjøen.

Periode for alle vatna: 1. juli til 15. august.

Pris for vekeskort for utanbygdarar: 500,-

10 av løyva skal handsamast av Ullensvang fjellstyre, og 10 skal handsamast av Odda fjellstyre.

Det blir presisert at leigarar av fjellstyrehyttene har førerrett til bruk av fjellstyra sine båtar ved hyttene.

Ordninga skal vurderast etter 2017-sesongen.

Samrøystes vedteke.

FUS 7/17: Høyring på fellessanksjonar i samband med lovbrøt på statsallmenning

Saksdokument:

- 7-17 20170404_450 FH - Høyring på fellessanksjonar ifmb. Lovbrøt på statsallmenning

Saksutgreiing:

Fjellstyra på Hardangervidda as gjorde i sak 9/17 vedtak om at ei sak om felles sanksjonar i samband med lovbrøt på statsallmenning skal ut på høyring blant fjellstyra på Hardangervidda. Frist for å koma med innspel er 20. mai. Fjellstyra på Hardangervidda as tek saka opp til ny handsaming på møte i juni, med sikte på at ein då vedtek felles retningslinjer for sanksjonar.

Fjellova § 25, tredje ledd, gjev fjellstyret rett til å nekte å skrive ut jaktkort til personar som dei tre siste åra er straffedømte eller som har vedteke førelegg for brot «mot nokor føresegn om jakt». Utestenginga kan vare opp til tre år. For å sikre ei lik handsaming hos dei ulike fjellstyra ynskjer Fjellstyra på Hardangervidda as at det er felles retningslinjer som gjeld for alle fjellstyra. Sakshandsamar i Fjellstyra på Hardangervidda as har kome med framlegg om fylgjande retningslinjer for sanksjonar ved overtreding av jakt på Statsallmenning på Hardangervidda:

Utestenging i 3 år:

- Alle brot på § 19 om inhuman jakt, herunder også uforsvarleg omgang med våpen og skyting mot manglande bakgrunn.
- Brot på viltlova § 24, bruk av fangstredskap som ikkje er lovlege.
- Brot på viltlova § 25, bruk av gift.

- Jakting utanom jakttid og på andre freda artar, herunder i fredningssoner fastsett av fjellstyret.
- Felling av rein utan gyldig fellingsløyve i det heile (dvs. manglar fellingsløyve totalt for heile vidda).
- Andre tilhøve der jeger vert idømt fengselsstraff for brot på jaktføresegner.

Utestenging i 2 år:

- Alle brot på viltlova § 21, bruk av motorkjøretøy under jakt.
- Brot på viltlova § 22, jakt på symjande dyr.
- Felling av rein utan fellingsløyve på det dyret som er felt og/eller jaktar på Statsallmenning utan løyve med kort frå andre vald.
- Jaktar utan gyldig skyteprøve.
- Jaktar utan jegeravgift.

Utestenging i 1 år:

- Brot på viltlova § 23, drevjakt med hund.
- Mindre brot på ulike føresegner om jakt.

Framlegg til vedtak:

Referat:

Sekretæren presiserte at saka ikkje berre gjeld lovbrot på statsallmenningar, slik sakstittelen kan gi inntrykk av, men alle «brot mot nokor føresegn om jakt», jf. fjellova § 25, 3. ledd.

Det blei diskutert om det er rett å ha felles sanksjonar blant alle fjellstyra, og om framlegget til sanksjonar er fornuftige. Det blei stilt spørsmålsteikn ved om fjellstyra har moglegheit til å undersøke om til dømes dei som søker om jaktkort har ein dom som tilseier at dei skal nektast jakt på statsallmenningen. Fleire av styremedlemmene var usikre på om det vil vere praktisk mogleg å gjennomføre ei slik ordning. Det var og vanskeleg for styret å bli samde om framlegget til sanksjonar var på rett nivå.

Vedtak (sak FUS 7/17):

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning gjev fylgjande uttale til høyring på fellessanksjonar for lovbrod:

Fellesstyret meiner det er uklart om fjellstyra kan handheve ei slik ordning. Det er uklart om fjellstyra har rett til å få tilgang på info om til dømes nokon av deira søkarar på reinskort er dømde. Fellesstyret etterspør meir informasjon om korleis ei slik felles løysing kan handhevast.

Samrøystes vedteke.

FUS 8/17: Søknad om samjakt i reinsjakta 2017 frå dei private valda i Odda og Ullensvang

Saksdokument:

- 8-17 20170320_612.0 Private vald i Odda og Ullensvang_søknad om samjakt 2017

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Referat:

Steinar Langesæter stilte spørsmålsteikn ved om han er inhabil, sidan han er leiar i styret i Heimste Hadlaskar stølssameige, som er eitt av dei private valda som søkjer om samjakt. Fellesstyret vedtok samrøystes at Steinar Langesæter er inhabil, og han deltok ikkje i handsaming av saka.

Eivind Tokheim kom med framlegg om fylgjande vedtak:

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning gir dei private valda fylgjande tilbod om samjaktavtale:

Innanbygds jegerar som har kort på Ullensvang statsallmenning (vald HA-281 eller HA-282) kan bruke kort frå dei private valda i Odda og Ullensvang på Ullensvang statsallmenning i området vest for stien Torehytta-Litlos-via Vassdalen til Holmavatnet frå og med 1. september og ut jakta. Innanbygds jegerar kan bruke kort frå Ullensvang statsallmenning (vald HA-281 eller HA-282) på dei private valda som er med på samjaksavtalen frå og med 1. september og ut jakta. Som ein del av avtalen skal dei private valda gje frå seg 10 % av korta til fjellstyra. Dei private valda i Odda overdrag korta til Odda fjellstyre, medan dei private valda i Ullensvang overdrag korta til Ullensvang fjellstyre. Korta som blir overdrege til fjellstyra skal ha same fordeling som kvotevedtaket: 65 % simle/ungdyr inkludert kalv, og 35 % fritt dyr.

Fellesstyret ber om at dei private valda gir tilbakemelding på om dei godtek avtalen innan fredag 19. mai.

Vedtak (sak FUS 8/17):

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning gir dei private valda fylgjande tilbod om samjaktavtale:

Innanbygds jegerar som har kort på Ullensvang statsallmenning (vald HA-281 eller HA-282) kan bruke kort frå dei private valda i Odda og Ullensvang på Ullensvang statsallmenning i området vest for stien Torehytta-Litlos-via Vassdalen til Holmavatnet frå og med 1. september og ut jakta. Innanbygds jegerar kan bruke kort frå Ullensvang statsallmenning (vald HA-281 eller HA-282) på dei private valda som er med på samjaksavtalen frå og med 1. september og ut jakta. Som ein del av avtalen skal dei private valda gje frå seg 10 % av korta til fjellstyra. Dei private valda i Odda overdrag korta til Odda fjellstyre, medan dei private valda i Ullensvang overdrag korta til Ullensvang fjellstyre. Korta som blir overdrege til fjellstyra skal ha same fordeling som kvotevedtaket: 65 % simle/ungdyr inkludert kalv, og 35 % fritt dyr.

Fellesstyret ber om at dei private valda gir tilbakemelding på om dei godtek avtalen innan fredag 19. mai.

Samrøystes vedteke.

FUS 9/17: Reguleringar under villreinjakta 2017

Saksdokument:

- 9-17 Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning
- 9-17 Møtebok UFS 15. mai 2014: Sak F-27/14 (nattefreding) og sak F-23/14 (telting)
- 9-17 20170301_612.9 Åge Holtmoen - Kommentar om utøving av reinsjakt på Ullensvang statsallmenning

Saksutgreiing:

Nattefreding og dispensasjon frå teltingsforskrifta vart vedteke for perioden 2014-2017 i hhv. **Sak F-27/14** (nattefreding) og sak **F-23/14** (telting). Det er ikkje gjort fleirårig vedtak om jaktlag.

Det er § 10 i Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning som heimlar reglane om jaktlag i statsallmenning. Fjellstyra kan tillata to typar jaktlag:

- jegerar som har fått tildelt fellingsløyve på villrein kan organisera seg i jaktlag på inntil fem personar.
- inntil tre jegerar kan organisera seg i eit jaktlag når minst ein av jegerane har fått fellingsløyve.

Ein person kan berre vera medlem i eit jaktlag.

Framlegg til vedtak:

Referat:

Jaktlag: Styret var samd om å ha ei tilsvarande ordning som i 2016.

Teltplassar: Styret ynskjer å gjere ei endring i dispensasjonen frå Forskrift om telt- og leirslåing innan Eidfjord, Ullensvang og Røldal statsallmenningar, Hordaland. I vedtak i sak F-23/14 blei det gjort fylgjande vedtak: *Under villreinjakta f.o.m. 2014 t.o.m. 2017 er det i Ullensvang statsallmenning lov å telte ved Midtre Krokavatn, Ysteinsbu, Rauåni, Belebu, Bjødnassbu, Kortmark, Persbu, nordsida av midtra Grøndalsvatnet ved lavvoen til Ullensvang fjellstyre, ved Torehytta, ved Tyssevassbu og ved Odda fjellstyre si hytte ved Langavatn.*

Teltplassane som er lista opp over, kjem i tillegg til dei teltplassane som er nemnde i «Forskrift om telt- og leirslåing innen Eidfjord, Ullensvang, Røldal og Øvre Numedal statsallmenningar en dag før og under villreinjakten» vedteke av DN 16.11.87 med sist endring 27.04.2010.

Det blei lagt fram forslag om å gjer eit nytt vedtak der det er opna for telting ved vatna som er nemnd i vedtaket i sak F-23/14, unnateke midtre Krokavatn.

Vedtak (sak FUS 9/17):

- 1. Jegerar som har fått tildelt fellingsløyve på villrein i Ullensvang statsallmenning 2017 kan organisera seg i jaktlag på inntil 5 personar. Jaktlaget gjeld berre for jegerar som har statsallmenningskort stempla HA-281 eller HA-282, og det gjeld berre for kort stempla HA-281 eller HA-282. Alle på jaktlaget må vera tildelt slike fellingsløyve. Ein person kan berre vera medlem i eitt jaktlag.**

Vedtaket er gjort med heimel i § 10 i Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning

- 2. Under villreinjakta 2017 er det i Ullensvang statsallmenning for villreinjegerar med hjelpemannskap lov å telte ved Ysteinsbu, Rauåni, Belebu, Bjødnassbu, Kortmark, Persbu, nordsida av midtra Grøndalsvatnet ved lavvoen til Ullensvang fjellstyre, ved Torehytta, ved Tyssevassbu og ved Odda fjellstyre si hytte ved Langavatn.**

Teltplassane som er lista opp over, kjem i tillegg til dei teltplassane som er nemnde i «Forskrift om telt- og leirslåing innen Eidjford, Ullensvang, Røldal og Øvre Numedal statsallmenninger en dag før og under villreinjakten» vedteke av DN 16.11.87 med sist endring 27.04.2010.

Vedtaket er gjort med heimel i «Forskrift om telt- og leirslåing innen Eidjford, Ullensvang, Røldal og Øvre Numedal statsallmenninger en dag før og under villreinjakten» § 3.

Samrøystes vedteke.

FUS 10/17: Orientering om CWD (skrantesjuka)

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Siste nytt om CWD blir lagt fram på møtet. Infomøte for jegerar før jakta bør diskuterast på møtet.

Framlegg til vedtak:

Referat:

Sekretær og Ragnar Ystanes la fram siste nytt om CWD. Infomøte for jegerar blei diskutert. Villreinutvalet har ei sentral rolle i desse møta, og skal syte for føredragshaldarar og innhald. Sekretær tek kontakt med sekretær i villreinutvalet for å planlegge møtet. 14. juni er ein aktuell dato, men det må tilpassast tilsvarende møte andre stadar rundt Hardangervidda. Sekretær undersøker om kinosalen i Odda er tilgjengeleg, og kva det eventuelt kostar å leige han. Sekretær høyrer med sekretær for Røldal fjellstyra om jegerane i Røldal skal inviterast til møtet i Odda.

FUS 11/17: Eventuelt

Jarle Vangen stilte spørsmålsteikn ved praksisen rundt framlegg til vedtak frå sekretæren i innkallinga. Leiar Steinar Langesæter orienterte om at det er praksis for at sekretæren kjem med framlegg til vedtak i saker der det er naturleg, det vil seie i saker med «fagleg karakter». I visse saker er det ikkje naturleg at sekretæren kjem med framlegg til vedtak, som til dømes der det er saker av politisk karakter. Leiaren orienterte vidare om at til dette møtet mangla det saksutgreiing og framlegg til vedtak til fleire saker grunna situasjonen med nytilsett sekretær kort tid før møtet.

Eivind Tokheim stilte spørsmålsteikn ved status i saka rundt hytta ved Holmavatnet som Fellesstyret har overteke. Sekretær undresøker status, og sender eit skriv til Øverland med førespurnad om utrydding frå hytta, med ein frist.